

Initio IT-løsninger AS
Abels gate 5
7030 Trondheim

29. august 2003

Teknologirådet
Postboks 522 Sentrum
0105 Oslo

Høyring om programvarepolitikk

Dette er Initio IT-løsninger AS si høyringsfråsegn til Teknologirådets høyring om programvarepolitikk 3. september 2003.

Våre hovudsynspunkt:

- Det offentlege må kreve open kjeldekode eller tilgang til kjeldekode på alle system som vert utvikla for eller innkjøpt av offentleg sektor.
- Opne standardar er viktig for å sikre tilgang på data for alltid og for alle
- Digitale signaturar må baserast på opne standardar.

Open kjeldekode

Det offentleges tilgang til kjeldekode er viktig fordi det er den einste måten å verifisere kordan systemet er bygd opp, ikkje berre kordan det fungerer. I tillegg er offentlege system ofte i bruk i lang tid, slik at det å ha tilgang på kjeldekoden reduserer risikoen dersom leverandørar skulle gå konkurs eller på annan måte ikkje lenger vere ein del av marknaden. Det vil i mange tilfelle kunne vere av allmenn interesse at einkvar har tilgang på kjeldekode.

Det offentlege bør primært kreve open kjeldekode, eller sekundært tilgang til kjeldekoden på verksemdskritisk programvare. Programvare som vert utvikla på oppdrag av det offentlege må ha open kjeldekode, og helst kunne distribuerast fritt.

Dersom open kjeldekode ikkje kan vere tilgjengeleg i programsystem som det offentlege kjøper inn, skal det offentlege ha rett til innsyn i kjeldekoden. Innsynet skal ikkje vere regulert av klausular som gjer det tilnærma umogleg å finne kvalifisert personell som kan foreta innsynet (t.d. ved å kreve at vedkomande avstår frå utvikling av tilsvarande programvare i fleire år etterpå).

Dette sikrer at ein har mogleik til kontroll med systema som vert brukt og m.a. kan vurdere om dei oppfyller kravspesifikasjonen.

I tillegg til å sikre det offentlege kontroll med programvaren, vil dette også gjere det mogleg å tilpasse produktet til nye system når det er behov for det, og ein sikrer at dataene er tilgjengeleg for framtida.

Ein del system krev tillit hos borgarane, eit døme på dette er tellesystem for val. For slike system er det

spesielt viktig at kjeldekode er open og fritt tilgjengeleg for alle, slik at einkvar borgar kan vurdere kjeldekoden og bidra til at eventuelle feil vert funne. Hemmelegald av denne typen programvare vil føre til mistenksamheit og kan svekke tilliten til denne typen valordningar.

Det er viktig å sikre at det er mogleg med overgangar til system, anten det dreier seg om skifte av operativsystemleverandør, bytte av versjon eller endringar i kva programvare som vert brukt på eit einskildområde. For å sikre dette må alle generelle verkty vere mogleg å ta med seg til ny plattform/system.

Det er viktig at generell programvare, slik at kontorstøytteprogram, nettlesarar og reiserekningsprogram, finst for mange ulike plattformer. Dette er viktig både for å sikre at det er mogleg å flytte til ei ny plattform og framleis nytte den same programvaren som før, og det er viktig fordi dette er programvare som vert brukt av mange med ulike behov, og det offentlege bør ikkje tvinge desse til å nytte ei bestemt plattform fordi dei har behov for eit rasjonelt verkty.

Programvare som brukast i undervisning skal vere tilgjengeleg på begge målformar samt på samisk. I tillegg bør det her nyttast programvare som også finst på andre språk, slik at brukarar med andre språk enn norsk og samisk som morsmål kan få denne på sitt eige språk. Dette er m.a. viktig for å hindre at vaksne innvandrarar fell utanfor "det digitale samfunnet".

Opne standardar

Eit av dei aller viktigaste momenta i programvarepolitikken er opne standardar. Det kan ikkje understrekast nok kor stor tyding dette har for å sikre tilgang til informasjon for alle og alltid.

Opne standardar må brukast overalt - i dokumentlagringsformat, i distribusjon av lyd og bilete, i nettverk, i deling av informasjon mellom brukarar og institusjonar.

Det er spesielt viktig å sikre at data vert lagra i eit godt spesifisert og ope format. Dette sikrer at dataene også er tilgjengeleg om eitt, fem, ti, tjuve eler hundre år, uansett kva programvare vi bruker då og uansett kva firma dette kjem frå. Allereie i dag er det problem med å få lese data lagra for mindre enn ti år sidan, fordi det ikkje vart lagra i eit velspesifisert format den gongen. Med ein open standard og eit velspesifisert format kan ein alltid lage nye versjonar av programvaren dersom det er naudsynt, men for ein lukka standard er det vanskelegare, spesielt viss produsenten ikkje lenger er i marknande. Til dømes kan det vere vanskeleg å finne ein gamal 286 med WordPerfect 3.5 på om femti år.

Opne standardar betyr ikkje automatisk at standarden er fri, dvs. at den kan brukast fritt og at det ikkje er patentrettar knytta til den. Det er difor viktig å sikre at det ikkje er knytta opphavsrettar eller andre avgrensande faktorar til standardane som kan hindre bruken av dei seinare eller som kan hindre utviklinga av programvare for bruk med standardane. Patent knytta til standardane kan og vere ei stor hindring for utbreiing av standardar. Dette har vi sett t.d. i fleire prosessar i World Wide Web Consortium og IETF.

Det er viktig å sikre seg mot standardar som har klausular som gjer at eit produkt ikkje lenger kan distribuerast, eller at det ikkje kan nyttast i ein kommersiell samanhen.

Å ha ein open standard for noko betyr heller ikkje at ein er bunde til kun å bruke standarden i programvare med open kjeldekode. Det er fullt mogleg å utvikle kommersielle, lukka program som nyttar ein open standard, og der eigaren av rettane til dette programmet kan tene gode pengar på sal av programmet eller tenester knytta til det.

Dette er eit aktuelt spørsmål for mange sektorar - forvaltning, bibliotek, forskning, statistikk, kringkasting osv.

Digitale signaturar

Digitale signaturar er eit anna aktuelt tema. Her jobbast det med fleire prosjekt for å gjere det mogleg å levere og ta imot digitalt signerte dokument fleire stader i det offentlege. Dette er eit viktig steg på vegen mot eit meir digitalt og effektivt samfunn.

For digitale signaturar er det også viktig med opne standardar. Mange ulike system er i bruk og det vil vere svært uheldig dersom det offentlege tvinger brukarane til å bruke ein bestemt versjon av t.d. eit operativsystem for å kunne signere dokument. Dette hindrar også innovasjon, då det ikkje finst nokon garanti for at nyare eller andre versjonar vil bli støytta i framtida. Ved å basere systemet på ein open standard, kan dei som ynskjer det utvikle ei løysing. Dette gjev fleire uavhengige løysingar på fleire operativsystem og plattformer.

Statlege innkjøpsavtalar

Statlege innkjøpsavtalar for programvare er i praksis negativt fordi det bind til ein leverandør og gjer det vanskelegare å skifte, anten det er einskilteinheitlar eller større delar av det offentlege som ynskjer å skifte leverandør. Spesielt ved å binde seg til ein stor leverandør som kan levere produkt for mange formål, hindrar det offentlege den frie konkurransen, og særleg vert små aktørar som gjerne opererer innafor smalare marknader hindra i å delta. Dette er spesielt viktig i eit lite land som Noreg, der det meste av programvareindustrien er små selskap som opererer innafor sine nisjer.

Særskild viktig er det at innkjøpsavtalar aldri brukast der dei kan forsterke ein allereie vridde konkurransesituasjon.

Det må understrekast at korkje bruken av open kjeldekode eller å ikkje ha statlege innkjøpsavtalar betyr at ein ikkje skal nytte dei vanlege reglane for anbod i det offentlege. Det er framleis viktig at innkjøpsrunden går føre seg på rett måte, slik at alle partar har tillit til at denne er rettvis.

Høyringsfråsegna er utarbeidd i samarbeid med #Tut Consulting Group.